

<b>Utvalg:</b>	<b>Innovasjonsutvalget</b>	<b>Dato: 13.11. 2024</b>
<b>IU-sak: 23/24</b>		<b>Arkivsaknr.:</b>

---

## **Samarbeidsavtalen mellom UiB og Vestland Fylkeskommune og arbeidet med forskning og innovasjon for å styrke berekraftig verdiskaping i Vestland**

---

### **Bakgrunn**

UiB og Vestland fylkeskommune (VFK) undertekna i 2023 ein samarbeidsavtale som skal bidra til å utvikla og styrka samarbeidet mellom UiB og VFK ytterlegare på feltet forskning, innovasjon og nyskaping innan grøen omstilling i Vestland, der hovudmålet er å posisjonera Vestland inn mot samarbeidsalliansar og plattformer i EU.

Eit konkret tiltak som resultat av samarbeidsavtalen er tilsettinga av Jane C. S. Jünger i stilling på Forsknings- og innovasjonsavdelingen, UiB. I skildringa av stillinga heiter det at den i skal bidra til å skapa større samarbeid mellom UiB sine forskingsmiljø, dei ulike regionane og industriaktørane i Vestland for å bidra til grøen omstilling. I tillegg skal stillinga arbeida for å posisjonera UiB og VFK inn mot samarbeidsalliansar og plattformer i EU og nytta UiB og Vestland fylke sine Brusselkontor som viktige partnarar.

Jünger vil i møtet presentera samarbeidsavtalen «Forskning og innovasjon for å styrke berekraftig verdiskaping i Vestland - mellom UiB og Vestland Fylkeskommune», og arbeidet som er gjort så langt. I tillegg vil prosjektet til Vestland fylkeskommune, Grøen region Vestland, bli presentert samen med Lene Borgen Waage frå VFK.

### **Gjennomføring**

Jane C. S. Jünger byrja i seniorrådgjevarstillinga på FIA i mai. Stillinga er finansiert av Vestland fylkeskommune. Ho kjem frå stillinga som kommunikasjonssjef for Wärtsilä i Norge og har jobba internasjonalt med maritim berekraftig teknologi og innovasjon.

I stillinga ved UiB jobbar ho med å bygga nettverk og partnaraskap saman med aktørar lokalt, regionalt og internasjonalt, og på tvers av ulike sektorar. Arbeidsoppgåvene er blant anna å løfte utfordringar vi jobbar med i regionen, knytte kontaktar med de riktige partnerane i Europa og kople på regionale aktørar. For å lukkast med dette vil det være viktig å utvikle et tett og godt samarbeid med den faglege og administrative leiinga og relevante fagmiljø ved UiB.

I tillegg har Jünger etablert eit nært samarbeid med VFK sitt eige satsingsområde for å driva den grøne omstillinga i fylket; Grøen region Vestland, som er eit samarbeidsprosjekt mellom Vestland fylkeskommune og Innovasjon Noreg på vegne av Næringsforum Vestland. Målet er å skapa samarbeid mellom ulike offentlege og private aktørar for å sikra at arbeidet med grøen omstilling i Vestland kan skje både raskare, betre og enklare.

### **Grøen region Vestland**

I Grøen region Vestland er det næringslivet som står for gjennomføringa og den faktiske realiseringa, men organisasjonen legg til rette for å gje verksemdene den støtta dei treng for å lukkast. Grøen region Vestland har identifisert ei lang rekke grøne omstillingsprosjekt som skjer innanfor dei 16 grøne hubbane i fylket. Dei er avgrensa geografiske område der tilhøva ligg særst godt til rette for vidare utvikling. Til saman har dei potensiale for 17.000 nye arbeidsplassar, kombinert med auka eksport og lågare utslepp. For å realisere potensialet i desse hubane er ein avhengig av godt samarbeid på tvers av næringar og mellom ei rekke ulike aktørar.

**Oppsummering**

Saken blir lagt fram til orientering til Innovasjonsutvalget.